



Fylkesmannen i Vest-Agder

Landbruksavdelingen

Saksbehandler: Ole Steffen Gusdal
Tlf.: 38 17 67 31

Deres ref.:
Vår ref.: 2011/667

Vår dato: 23.02.2011
Arkivkode: 523.3

e-postliste

Referat frå møte 21.02.2011 i Utval for organisert beitebruk

Til stades: Knut Eiken, Lars Galdal, Åge Gyland, Sven Haugom og Ole Steffen Gusdal

Sak 1 og 2. Mandat for utvalet og revisjon av utfyllande bestemmelsar for tilskott til beitelag

- Sjå vedlegg om forslag til utfyllande bestemmelsar for tilskott til beitelag
- Forslaget vil og bli drøfta i styringsgruppa for regionalt miljøprogram (RMP) før vedtak

Sak 3 Forslag til nye satsar for tilskott til drift av beitelag

- Utvalet føreslår at satsen for småfe blir auka frå 5 kr til 10 kr og at satsen for storfe står uendra på 10 kr
 - Grunngeving for vedtaket er at med færre personar som har dyr i organisert beitebruk aukar kostnadane med tilsyn og sanking
 - Forutsetningen er at gjennomført tilsyn blir godt dokumentert
 - Forslaget vil bli drøfta i styringsgruppa for RMP før vedtak
- Beitelaga vil bli informert om endringane under sak 1 og 2 på følgjande måte:
 - Brev til beitelaga før beiteslepp med informasjon om utfyllande retningsliner, krav om dokumentert tilsyn (utfyllande retningsliner og skjema for tilsyn vedlagt)
Kopi av brevet blir sendt til kommunane
 - Utfyllande retningsliner og skjema for tilsyn blir lagt ut på nettsidene til Vest-Agder Sau og Geit og Fylkesmannen
 - Informasjon om det same blir sak på neste møte med beitelaga

Ansvar: Ole Steffen og Sven

Sak 4 Prioritering av tiltak for investeringsstøtte til beitelag i 2011

- Utvalet tilrår same prioritering som i forslaget. Sjå vedlegg
- Prioriterte tiltak vil då få ca. 45% tilskott av godkjent kostnadsoverslag
- Ingen beitelag er registrert for meirverdiavgift (mva) derfor har ein i godkjent kostnadsoverslag tatt med mva for innkjøpte materialar, men ikkje for eige arbeid
 - I brev til beitelaga om søknad om investeringsstøtte 2012 ber ein om at dei skriv om dei er registrert for mva og at dei informere om det mva er inkludert eller ikkje i søknadssummen
- Desse tiltak blei ikkje prioritert:
 - Hytte i Midt-Heia beitelag
 - Ferist ved Gravatn til HTSK beitelag. Denne kan bli prioritert neste år.

Ansvar: Ole Steffen

- Merking av gjetarstiar hjå Knaben beitelag.
- Utvalet tilrådte elles:
 - At det normalt ikkje blir gitt tilskott til utsetting av saltslikesteinar utan at desse er ein del av sankegardar m.m.
 - Vidare at det normalt ikkje vil bli gitt tilskott til bygging av hytter, men at kvar enkelt tilfelle må vurderast spesielt om behov, tilskottsats m.m.

Sak 5 Spørsmål om beiteprosjekt i Vest-Agder

Sauenæringa er oppfordra av det nasjonale beiteprosjektet om å vurdere beiteprosjekt i fylket, gjerne saman med nabo fylka.

- Utvalet og Vest-Agder Sau og Geit vil sette i gang ein prosess for å vurdere dette.
- Aktuelle arrangør og medarrangør er: Vest-Agder Sau og Geit, Landbruksrådgivinga Agder, Nortura og Mattilsynet
- Aktuelle mål og tema kan vera: Betre økonomien i sauehaldet, større deltaking og utnytting av sauekontrollen, styrke miljø og rekruttering, erfaringsutveksling, undersøke og konkretisere tapsårsaker på utmarksbeite, utprøving av radiobjeller i eit beitelag, stell og bruk av innmarksbeite, organisering av sauehaldet i beitetida og vinterhalvåret m.m.
- Framdrift
 - Det blir utarbeidd ei skisse til prosjekt og kalla inn til eit møte innan 15. april der vi inviterar Landbruksrådgivinga Agder og Mattilsynet. **Ansvar: Ole Steffen og Sven**
 - Etter møtet går prosjektplanane til høyring
 - Eventuelt prosjekt blir sett i gang frå årskiftet 2011/2012

Sak 6. Kartgrensene for beitalaga.

Utvalet såg gjennom kartgrensene for beitalag som er lagt ut på nettsidene til Skog og landskap og har følgjande merknader til oppfølging:

- Beitelaga Lauen- Heddan, Fagerhei og Høghei er små og utvalet ber Ånen Urevatn i Hægebostad Sau og Geit om å ta initiativ til ei vurdering om det er aktuelt å slå desse beitalaga saman. Beitalaga blir gjort merksam på vilkåret om at dei må min. ha 3 medlemmer og 150 småfeeiningar for å vera registrert og få utbetalt tilskott til investering og drift.
- Knabenes beitelag fyller i dag ikkje vilkåra for å få tilskott. Ein ber Lars Galdal i Fjotland beite- og sankelag om å ta kontakt med interessentane i dette området om dei er interessert i å melde seg inn i eit av nabolaga.
- Bjørnstad beitelag og området Tonstad-aust fyller i dag ikkje vilkåra for å få tilskott. Ein ber Haldor Gislason i Sirdal om å ta eit initiativ for å vurdere grensene og eventuell samanslåing i desse områda.

Ansvar: Ole Steffen

Sak 7 Idear til tema, kurs, møter m.m.

- Møte for leiarane i sau og geit og beitalaga i nov./des.
 - Erfaringar med radiobjeller v/ Knut Tunheim m.fl.
 - Igangsetting av beiteprosjekt
- Lokale møter om for auka oppslutning og utnytting av Sauekontrollen
- Sørlandssamlinga med tema om sauenæringa
- Møte om økonomien i sauehaldet; utegangardrift (villsau) og vanleg drift
- Oversikt og informasjon om beiteressursane i Vest-Agder

- Bruke nettsidene til Vest Agder Sau og Geit, fylkesmannen m.fl. for informasjon om sauenevinga

Sak 8 Eventuelt

Skjema for reise- og møtegodtgjering blei fylt ut og tatt med tilbake til Fylkesmannen
Knut sender rekning for maten.

Ole Steffen Gusdal, referent